

Møteprotokoll

Utval:	Administrasjonsutvalet
Møtestad:	Fylkesutvalsalen Sandsli
Dato:	21.10.2021
Tid:	09:00-1400

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Natalia Antonia Golis	Leiar (til kl 1130)	MDG
Nils Haugland	Medlem	FNB
Benedicte Stephanie Meyer	Medlem	UNIO
Helge Bohne	Medlem	YS
Hilde Kvamsås Aa	Medlem	UNIO
Lin Cathrin Brunborg Anthun	Medlem	AKAD
Magne Hagesæter	Medlem	LO
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Aleksander Øren Heen	Nestleiar	SP
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Nina Bognøy	Kine Bratlie Dale	A
Sigrid Brattabø Handegard	Alexander Øren Heen	SP
Marthe Hammer	Åsmund Berthelsen	SV

Merknader

Sigrid Brattabø Handegard (SP) overtok som møteleiar eller lunsj kl 1230.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ingrid Holm Svendsen	Avdelingsdirektør
Hilde M.B. Withammer	HR-direktør
Inger Marken	Seniorrådgjevar, HR-seksjonen
Johan J. Meyer	Seniorrådgjevar, HR-seksjonen
Svein Erik Sâtendal	Seniorrådgjevar, HR-seksjonen
Randi Randal	Seniorrådgjevar, HR-seksjonen

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i administrasjonsutvalet 15.04.2021	2021/16950	
	Referatsaker		
RS 10/21	Vidare buk av heimekontor	2021/22304	
RS 11/21	Sjukefråvær VLFK 2. kvartal	2021/45320	
RS 12/21	Handtering av overtal 2021 ved avdeling opplæring og kompetanse	2021/45380	
RS 13/21	Organisasjonsgjennomgang - løypemelding	2021/5805	
RS 14/21	Status og utvikling av lærlinge- og trainee ordningen i VLFK.	2021/47539	
	Politiske saker		
PS 5/21	Vikarteneste reinhald	2021/44776	
PS 6/21	Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - Administrasjonsutvalet	2021/51159	
PS 7/21	Reglement for yting av flyttegodtgjersle	2020/37459	
PS 8/21	Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune, revidert	2020/37459	

Godkjenningssaker

GK 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Innkalling og sakliste til møte i administrasjonsutvalet, 21.oktober 2021, vart godkjent utan merknader.

GK 6/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i administrasjonsutvalet 15.04.2021

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Protokoll frå møte i administrasjonsutvalet, 15.april 2021, vart godkjent utan merknader

Referatsaker

RS 10/21 Vidare bruk av heimekontor

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Saka vart lagt fram for utvalet til orientering og drøfting

RS 11/21 Sjukefråvær VLFK 2. kvartal

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Saka vart lagt fram for utvalet til orientering og drøfting.

RS 12/21 Handtering av overtal 2021 ved avdeling opplæring og kompetanse

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Saka vart lagt fram for utvalet til orientering og drøfting.

RS 13/21 Organisasjonsgjennomgang - løypemelding

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Saka vart lagt fram for utvalet til orientering og drøfting.

RS 14/21 Status og utvikling av lærlinge- og trainee ordningen i VLFK.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Saka vart lagt fram for utvalet til orientering og drøfting

Politiske saker

PS 5/21 Vikarteneste reinhald

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek å etablere ei vikarteneste innan reinhald for Stor-Bergen.
2. Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.

3. Fylkestinget vedtek at vikartenesta i Stor-Bergen og løysinga med fast vikar i Nordfjord og Sunnhordland skal løysast innan eksisterande økonomisk ramme for reinhald.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Magne Hagesæter (LO) sette fram slikt forslag til nytt punkt 4 og 5 i vedtaket:

«Tilleggsforslag, nytt punkt 4:

Fylkestinget vedtek at dei to reinhaldsområda Nord og Sør så raskt som mogleg skal tilbakestilla slik at dei dekker områda dei var meint å dekke. Det inneberer at område Nord ikkje strekker seg lengre sør enn Voss.

Tilleggsforslag, nytt punkt 5:

Fylkestinget vedtek at det skal greiast ut kva som er dei moglege gevinstane ved å utvide reinhald i eigen regi til dei tannklinikkane som i dag nyttar anbod, både for området Stor-Bergen særskilt og for heile Vestland.»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Tilføre «tilsett» på punkt 2: Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast tilsett vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.»

Avrøysting

Pkt. 1 i fylkesdirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke

Pkt. 2 i fylkesdirektøren si innstilling vart vedteke mot Magne Hagesæter (LO) si røyst

Forslag frå Marthe Hammer (SV) om tillegg i pkt.2 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 i fylkesdirektøren si innstilling var samrøystes vedteke.

Forslag frå Magne Hagesæter (LO) om nytt pkt.4 fekk ei røyst (LO) og fall.

Forslag frå Magne Hagesæter (LO) om nytt pkt. 5 vart vedteke med røystene frå dei tillitsvalde og Marte Hammer (SV)

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek å etablere ei vikarteneste innan reinhald for Stor-Bergen.
2. Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast tilsett vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.
3. Fylkestinget vedtek at vikartenesta i Stor-Bergen og løysinga med fast vikar i Nordfjord og Sunnhordland skal løysast innan eksisterande økonomisk ramme for reinhald.
4. Fylkestinget vedtek at det skal greiast ut kva som er dei moglege gevinstane ved å utvide reinhald i eigen regi til dei tannklinikkane som i dag nyttar anbod, både for området Stor-Bergen særskilt og for heile Vestland.

PS 6/21 Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - Administrasjonsutvalet

Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet tek arbeidsdokument 3/21 og finansutvalet sine prosessvedtak knytt til handsaminga av arbeidsdokumentet til orientering.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Dei tillitsvalde (2 frå UNIO, LO, YS og Akademikarane) sette fram slik protokollmerknad:

1. «Administrasjonsutvalet merker seg at forslaget til budsjett legg opp til kutt i essensielle driftsoppgåver, noko som mellom anna vil svekke tilbodet til elevar og lærlingar.
2. Administrasjonsutvalet vil peike på at dei økonomiske driftsrammene for einingane som yter tenester direkte til innbyggjarane, og då særleg driftsrammene for dei vidaregåande skulane, er svært knappe. Ytterlegare reduserte driftsrammer vil svekke både omfang og kvalitet i tilbodet. Administrasjonsutvalet viser til uttalen frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og vil understreke at ein vesentleg del av salderingsbehovet i

opplæringssektoren er knytt til ei ønska og ønskeleg utvikling der fleire ungdommar vel yrkesfaglege utdanningar. Det er ikkje rimeleg at denne positive utviklinga skal medføre innsparingar andre stader i sektoren - og særleg ikkje i rammene for drift av dei vidaregåande skulane.

3. Administrasjonsutvalet forventar at eventuelle auka økonomiske rammer fylkeskommunen får gjennom statsbudsjettet blir sett inn i drifta der det tidlegare er gjort kutt, og at midlar til drift av og opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane blir prioritert framfor ny satsingar.»

Avrøysting

Det vart ikkje røysta over den framsette protokollmerknaden.
Innstillinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke

Vedtak

Administrasjonsutvalet tek arbeidsdokument 3/21 og finansutvalet sine prosessvedtak knytt til handsaminga av arbeidsdokumentet til orientering.

PS 7/21 Reglement for yting av flyttegodtgjersle

Forslag til innstilling

Reglement for yting av flyttegodtgjersle vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Avrøysting

Fylkesdirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Reglement for yting av flyttegodtgjersle vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

PS 8/21 Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune, revidert

Forslag til innstilling

Revidert reglement for reiser i Vestland fylkeskommune vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

Magne Hagesæter (LO) sette fram slikt endringsforslag:

«Endringsforslag til side 3, under bolk "Innkjøpsavtalar for reise og opphald", 3. avsnitt, siste setning: "Fylkeskommunen bør nytte hotell med tariffavtale for dei tilsette.»»

Avrøysting

Fylkesdirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.
Magne Hagesæter (LO) sitt forslag vart vedteke med 6 røyster (dei tillitsvalde og Marthe Hammer, SV)

Innstilling til fylkesutvalet

1. Revidert reglement for reiser i Vestland fylkeskommune vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.
2. Endring side 3, under bolk "Innkjøpsavtalar for reise og opphald", 3. avsnitt, siste setning: "Fylkeskommunen bør nytte hotell med tariffavtale for dei tilsette.»»